ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 08.07.2021 |
| Vår: 21/5238 - 21/47961 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Ferdigattest for einebustad - gbnr 239/123 Eknes ytre

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 768/21**
**Tiltakshavar:** Jonny Totlandsdal
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

**VEDTAK**:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gbnr 239/123.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilla. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka fatta i møte i Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune den 02.10.2013 i utvalssak 143/13. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 03.06.2021og supplerande dokumentasjon mottatt 04.06.2021.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Kaldalen 10 |
| Bygningstiltak: | Einebustad |
| Bygningsnummer: | 300 900 891 |
| Bruksareal: | 197,6 |
| Avlaup: | Kommunalt |

| | |
|---|---|
| Vatn: | Kommunalt |
| Tal på røykløp: | 1 |

**Regelverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/5238

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jonny Totlandsdal | Kaldalen 12 | 5993 | OSTEREIDET |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOSSEN |